


PÅSKEDAG 2021




Då sabbaten var til ende og det tok til å lysna første dagen i veka, kom Maria Magdalena og den andre Maria for å sjå til grava. Då kom det brått eit kraftig jordskjelv, for ein Herrens engel steig ned frå himmelen, gjekk fram til grava, rulla steinen ifrå og sette seg på han. Han var som eit lyn å sjå til, og kleda hans var kvite som

snø. Vaktmennene skalv av redsle for han og vart liggjande som døde. Men engelen tala til kvinnene og sa: «Ver ikkje redde! Eg veit at de leitar etter Jesus, den krossfeste. Han er ikkje her; han er stått opp, som han sa. Kom og sjå staden der han låg! Skund dykk av stad og sei til læresveinane hans: 'Han er stått opp frå dei døde, og no går han føre dykk til Galilea; der skal de få sjå han.' – No har eg sagt det til dykk.»

Då skunda dei seg bort frå grava, redde, men jublande glade; og dei sprang av stad for å fortelja det til læresveinane. Og sjå, Jesus kom imot dei og sa: «Ver helsa!» Då gjekk dei fram, tok om føtene hans og tilbad han. Og Jesus sa til dei: «Ver ikkje redde! Gå og sei til brørne mine at dei skal fara til Galilea. Der skal dei få sjå meg.» (Matt 28,1-10)

Halleluja!
Lovsyng Gud i hans heilagdom!
Lov han i hans mektige
himmelkvelv.
Lov han for hans storverk.
Lov han for hans store velde.
Lov han med gjallande horn.
Lov han med harpe og lyre.
Lov han med trommer
og dans.
Lov han med strengespel
og fløyte.
Lov han til tonande symbalar.
Lov han med
ljomande symbalar!
Alt som har ande,
skal lova Herren.
Halleluja! (Salme 150)



Jesus Kristus, oppstadne Herren og Frelsar,
vi takkar og lovprisar deg.
Du har brote opp dødens lenkjer og knust djevelens makt
Vi bed deg: Fyll hjartet vårt med glede,
ved det levande håpet du har gjeve oss,
så vi som kvinnene ved grava kan vitne om di oppstode,
du som med din Far og Den heilage ande lever og råder
ein sann Gud frå æve til æve.
Amen.

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda
slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld,
slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt, og makta og æra
i all æve. Amen.


Ta imot velsigninga:

Herren velsigne deg og vare deg.

Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred.

Amen.



Gå! Gå med uro!
Gå i hast!
Slutt aldri med å gå ut av kirkens rom,
Ut av freden og stillheten, ut i bråket og ubehaget,
Ut i latteren og gråten.
Bær med deg det levende brødet som du fikk her,
Som en skatt mellom dine hender og i ditt hjerte.
Del det ut igjen og igjen.
Alltid strekker det til, om du fortsetter å bryte det.

Kom!
Slutt aldri med å komme tilbake til dette stedet!
Kom aldri tomhendt.
Ta med deg ropet som presser bak leppene.
La det få lyde her.
Ta med deg sulten som aldri blir stillet,
Kampen som ennå ikke er vunnet. Ta med deg en som har vært
ditt medmenneske
uten at du visste det.
Her er møtestedet - i lyset fra Guds ansikt.

